

---

**Fra:** Gunn Haugland Grindheim <Gunn@nomaco.no>  
**Sendt:** 10. april 2015 10:43  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** midlar til tilrettelegging av stiar

Hei!

Sætre Grendahus AL vil gjerne nytta tilbodet som gjeld søknad om midlar. Me heldt på å laga/utbetra stiar frå Sætre via Storuvsen til Lommetjørna, stien er med i opptur s 650. I tillegg planlegg me å laga stiar vidare til Myking og Nordanger. Me ser ikkje behov for gjerdeklyvarar, men me har bruk for 5 treklopper over grøfter. Vidare vil me setja opp ei informasjonstavle som viser kva turstiar ein kan nytta. Det er og ynskjeleg å plassera 3 bord/ benkar samt bosskorger på høvelege plassar langs stiane. Turstiane er nytta dagleg, men ved å utbetra disse, ser me for oss at området vert meir attraktivt og at endå fleire nyttar seg av disse. Med klopper på plass håpar me at ein og kan ta seg fram med vogn/rullestol. Ein reknar med materialkostnader på kr 170-200,- pr. løpemeferdig klopp. Lengden på kloppane vil variere.

Harald Åge Sætre og Asbjørn Sætre har lagt ned ein stor dugnadsinnsats allereie, ( både økonomisk og arbeidsmessig ) og det vert disse 2 som tek ansvaret vidare framover, sjølvstøtt med hjelp av andre når arbeidet skal utførast.

Det er ikkje laga kostnadsoverslag over dette frå vår side. Me håpar de tilgodeser oss med ein del av pengane de har til rådighet. Me er takknemleg for det som vert tildelt, og skal gjera vårt beste for at det kjem alle turgåarar til gode.

Ta gjerne kontakt med underteikna om der er spørsmål til søknaden.

Ha ei triveleg helg☺

Med venleg helsing

Gunn H Grindheim, Grindheimsvegen 127, 5936 Manger  
Leiar Sætre Grendahus

Mobil +47 98 61 68 79

E-post: [gunn@grindheim-gard.com](mailto:gunn@grindheim-gard.com)